



Tove flankert av Elke og Eva

**Det har ikkje berre vore godt besøk i Cafe Tlaren i dag
- det har vore internasjonalt besøk! Vertinne på Øyro Marina
Tove Høgemark hadde med ein svensk og ein tysk gjest
- Eva Granat og Elke Rheinwald. Elke kunne nesten fortene
ein pris, for det er få som har vore så trufaste gjester i bygda
vår som henne. Ho har vore her kvart einaste år heilt sidan 1982
- med andre ord i 31 år og som regel har ho vore her i 3 veker.
Tidlegare var dei gjerne her 3 gonger i året!**

- I mange år hadde vi hytte her, men det vart for mykje arbeid, seier Elke, som er 67 og bur i Saarbrücken - hovudstaden i delstaten Saarland.

Valet av Uskedalen som nærmast evigvarande feriemål forklarar ho heilt enkelt med mannens interesse for fiske i fjorden. Men begge er opptekne av naturen og går mykje på tur i fjellet.

Når det no går mot ferietida er det på sin plass å summera

opp litt om besøket på Tlaren i det siste. Det har vore varierende frå 25 til 61 vaksne sidan starten på april med 1770 kroner som største salssum. Snittsummen ligg rundt 1200 kroner, eit respektabelt resultat når alt koster berre ein tiar.

Dagens besøk var 43 vaksne og 7 born.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen